

## Fordjuping

Fordjuping er eit tilbod til spesielt interesserte og motiverte kulturskuleelevar, til elevar som vil noko meir, er i alderen 13-19 år og som er elev i ein kulturskule i regionen. Du får ein sosial og fagleg møteplass med andre som har same interesse.

Fordjupingstilbodet skal fungere som ei forlenging av det vanlege tilbodet du har i kulturskulen din, og kan vere ei førebuing for dei som ynskjer å søke vidare til høgare utdanning innan faget.

Det vert stilt større krav til engasjement og fysisk oppmøte ved deltaking i eit fordjupingsprogram samanlikna med ordinær undervisning. Det vert også forventa heimearbeid/øving mellom samlingane.

Samlingane finn stad på Sunnfjord kulturskule (bak Førdehuset) i Førde. Det kan bli aktuelt å flytte stad, avhengig av kva og kven vi skal samarbeide med.

Fire helgesamlingar (laurdag+søndag), kulturskulen organiserer overnatting, og noko foreldreinnsats må reknast med i samband med overnatting og måltid.

## Fordjuping – generell musikk

Vi har tilbod for desse gruppene kommande skuleår:

Klassisk piano – Pianoløftet

Eksisterande band (gruppepåmelding)

Vokalistar som ikkje passar inn i storband

Andre instrumentalistar som ikkje passar inn i storband

For storband og folkemusikk, sjå eigne opplegg. ([Ervingen](#))

Dataar for denne sesongen vert endeleg publisert i løpet av august, men framlegg til samlingsdataar for hausten er 13.-14. September og 15.-16. November.

## Om tilbodet:

For alle gjeld at tilbodet består av både utøving og teoriundervisning, og eleven må førebu seg i begge delar med mellom samlingane.

Teorikunnskap gjev auka forståing for kva ein spelar eller syng, og opnar dører dersom ein ønsker å gå vidare på musikklinja eller musikkutdanning.

**Pianoløftet:** Vi vel å kalle satsinga på pianistar for Pianoløftet!

Pianistar spelar mykje åleine, og med denne satsinga ønsker vi å gje interesserte og lovande pianistar eit miljø å utvikle seg i vidare. Det vert både samspele og oppfølging av den enkelte, dessutan nivåtilpassa teoriundervisning. Noemi Utasi har ansvar for pianoeksjonen.

**Band:** Eksisterande band, d.v.s. band som allereie spelar saman, kan delta i fordjupingstilbodet og få bandcoaching. Ein får jobbe med presisjon i samspelet, eige uttrykk, og får hjelp til å heve nivået på det ein driv med. Tidlegare band i fordjupingstilbodet har laga eige låtmateriale og førebudd og spelt heilstøpte konserter. Ein får også teoriundervisning, slik at alle dører er opne dersom ein ønsker å gå vidare med musikkutdanning, og ein får auka forståing for kva ein spelar.

**Vokalistar:** Tilbodet består av vokalopplæring, ensemblesong og teoriundervisning. Ein fokuserer på god og sunn stemmebruk, å bli kjend med eige register og instrument.

Andre instrumentalistar: Tilbodet består av samspel og teoriundervisning. Individuell oppfølging ved behov.

Opptak vert gjort under føresetnad av at vi kan få til fungerande samspelsgrupper.

### Har du lyst å søke? Då gjer du slik:

- fyll ut påmeldingsskjemaet ([Søkeportalen](#))
- skriv nokre linjer i skjemaet om kven du er, kva læraren din heiter og om kvifor du ynskjer å delta på tilbodet.
- legg ved videoopptak med eitt eller to musikkstykke som visar kven du er og kva du driv med.
- gjeld band: skriv namn på alle bandmedlemmer og namn på bandet. (alle bandmedlemmer må melde seg på individuelt)
- etter innsendt påmelding kontaktar vi deg og dine føresette for å avtale intervju, anten i Førde eller digitalt.
- søkerfrist snarast og seinast 22. august (eigen kulturskulelærar/Firda VGS tilrår elevar å söke)
- Pris pr. semester kr. 500,-

Velkomen som søker!

Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt med:

Helga Lied Wyrtz

Koordinator fordjuping musikk

[Helga.lied.wyrtz@sunnfjord.kommune.no](mailto:Helga.lied.wyrtz@sunnfjord.kommune.no)

Tlf. 47400942



**Generell musikk  
2025-2026**